



Karl Petter Vårdal frå Elmedia i arbeid i Helgheim ved eit tidlegare høve. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Elmedia AS i Uskedalen har no sendt kommunen eit tilbod om overføring av kommunestyremøta. Tilbodet gjeld inntil seks fem timar lange møter for 22.500 kroner pluss moms. TVSydvest – også dei i Uskedalen – har tidlegare kome med eit tilbod, men politikarane utsette saka for å innhenta fleire.

Distribusjonen av sendinga krev tilgang til Kvinnherad Breiband sitt fibernett for å sende signala til TVSydvest sin TV-stasjon i Uskedalen, opplyser Elmedia.

Dei ser og på løysingar for å distribuera sendinga til fleire sjåarar via vanleg internett.

Nøkkelen for å få dette til kan vera at Kvinnherad Breiband distribuerar videosignala i deiras nett, skriv Roy Vaulen.

Elmedia treng tre vekers varsel for å levera første sending på grunn av forarbeid og utstyr.

Firmaet opplyser at det har erfaring frå riksdekkjande TV-produksjon, både større live-produksjonar og "post"-produksjonar.

Dei lovar kommunen arkivopptak av høg kvalitet og opplyser at dei vil bruka tre HD-kameraer slik at sendinga blir dynamisk og engasjerande.

Elmedia vil leggja namn og titlar på produksjonen slik at sjåarane til kvar tid vil sjå kven som er på talarstolen.

Av Ola Matti Mathisen